

Vårsong av Andreas Bjelland.

Nyss var det so myrkt og so audsleg og kaldt  
og fjelli dei høge og harde  
stod stengde for soli mest over alt  
mens sjölve dei sola sin varde.

Og nede i dalen var armød og trong  
det sukka i röys og i tuva.  
Men högfjelli stod der so byrg og so fjong  
med solglitter kringom si huva.

Men rett som det var såg me vårsoli rann  
og nedetter lierne blenkte.  
Og straks over högfjelli ogso ho vann  
som stod der so lenge å stengte.

Og då vart det hugnad og liv kan du tru  
der nede i lier og lundar.

Då veksla det om ifrå sorger og gru  
til lovsong frå tusenar munnar.

Småtrei som stod der so arme og stur  
og soli sin livsvarme sakna  
og alt det som blunda i tuva og urd  
det tok til å livna og vakna.

Detgrönkast i bakkar og lauvdest i li  
og blomane byrgja å spretta.

Å du for ei sæl og forunderleg tid  
når våren si koma me fretta.

Gud gjev at me likeeins ogso får sjå  
den sol over högdene skina  
som inn til vårt hjarta med stråla kan nå  
og hardisen der inne tina.